



VEDTEKTER

for

STRYN REKNESKAPSLAG SA

1. Samanslutningsform og føretaksnamn

Stryn Rekneskapslag SA er eit samvirkeføretak med vekslande kapital og medlemstal.

2. Forretningsstad

Forretningskontoret er i Stryn kommune.

3. Føremål

Føremålet til rekneskapslaget er rekneskapsføring, årsoppgjer og utfylling av sjølvmelding og drive med økonomisk rådgjeving for medlemane.

Rekneskapslaget skal så langt det er mogleg gje medlemane rettleiing ved grunnavståing, eigedomsoverdraging, finansieringss spørsmål og hjelpe til i klagesaker i samband med skattlegging og avgiftsberekening, samt andre oppdrag som laget meiner å ha kompetanse til å utføre.

Rekneskapslaget kan utføre tilsvarande tenester til ikkje-medlemar.

Avkastninga til rekneskapslaget med unntak av normal innskoten kapital i verksemda, vert ståande i verksemda eller fordelt på medlemane på grunnlag av deira omsetning med føretaket.

4. Andelsinnskot og medlemskontingent

Laget skal ikkje krevje andelsinnskot så lenge eigenkapitalen er tilfredsstillande. Medlemane skal betale for tenestene ut frå medgått tid, men ein kan også ha fastpris for enkelte oppgåver og oppdrag.

5. Oppdragsavtale

Ein skal opprette oppdragsavtale som skal vere signert av rekneskapslaget og oppdragsgjevar for kvart rekneskap laget tek på seg å føre.

6. Val

Alle val er skriftlege, om ikkje årsmøtet fastset noko anna.

Kvart medlem har ein stemme i årsmøtet.

7. Årsmøtet

Årsmøtet er øvste avgjerdsmynd i laget, og er ope for alle medlemmer. Årsmøtet vert halde innan 31/3 kvart år. Medlem kan gje familiemedlem, medhjelpar eller eit anna medlem fullmakt til å møte og stemme på årsmøtet.

Styret kallar inn til årsmøte minst 14 dagar varsel.

Årsmøtet skal ta for seg:

1. Val av to medlemmer til å skrive under møteprotokollen.
2. Årsmelding frå styret.
3. Godkjenning av rekneskap.
4. Styret sitt forslag til disponering av overskott, innafor følgjande rammer:
 - a) Godskriving av eigenkapitalen i føretaket.
 - b) Etterbetaling (jf. samvirkelova §27)
 - c) Avsetning til etterbetalingsfond (jf. samvirkelova § 28)
 - d) Avsetning til medlemskapitalkonto (jf. Samvirkelova § 29)
 - e) Forrenting av andelsinnskott og medlemskapitalkonti (fr Samvirkelova § 30)
5. Vedtaking av budsjett.
6. Fastsetting av godtgjersle til tillitsvalte.
7. Val av styremedlemmer og varamedlemmer.
8. Val av styreleiar og nestleiar.
9. Val av valkomite.
10. Val av revisor.
11. Andre saker som er nemnt i innkallinga eller fylgjer av lova og/eller vedtektene.

8. Styre

Verksemda skal ha eit styre med 5 medlemmar.

Styret består av leiar som vert valt for eit år av gongen, 3 styremedlemmar som vert valt for to år av gongen, og ein representant for dei tilsette. Dagleg leiar er styret sin faste sekretær, og har ikkje stemmerett. Fyrste gong går eit medlem ut etter loddrekning. Nestleiar vert valt årleg blant dei valde styremedlemmane. For styremedlemmane vert det kvart år valt to varamenn i nummerorden. Både jordbruks- og forretningsmedlemmane skal vere representert i styret.

Dei tilsette sin representant i styret skal veljast blant dei tilsette for eit år av gongen. Dei tilsette vel og ein vararepresentant.

Ved stemmelikheit i styret har styreleiar dobbeltstemme.

Styret si oppgåve er:

1. Forvalte laget sine midlar.
2. Fastsetje instruks for dagleg leiar.
3. Fastsetje instruks for kontoret sitt arbeid.
4. Tilsetje og avslutte arbeidsforhold til dagleg leiar og øvrige personale.
5. Fastsetje løn til dagleg leiar og tilsette.
6. Fastsetje skriftlege arbeidsavtalar med dei tilsette.
7. Føre protokoll over forhandlingane sine.
8. Legge fram årsmelding og rekneskap til årsmøtet og forberede andre saker som skal handsamast av årsmøtet.

Styret kan tildele prokura.

9. Dagleg leiar

Føretaket skal ha ein dagleg leiar som er autorisert rekneskapsfører.

10. Valkomite

Laget skal ha ein valkomite på tre medlemmar som vert valt av årsmøtet for tre år. Kvart år går ein medlem ut, første to år etter loddrekning. Kvart år vert ein varamann valt. Valkomiteen vel sjølv sin leiar. Valkomiteen skal føreslå kandidatar til alle val som skal gjerast på årsmøte, sjå pkt. 8. Vidare skal valkomiteen føreslå godtgjersle til laget sine tillitsvalde.

11. Signaturrett

Laget er forplikta av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap, eller ein av desse saman med eit anna styremedlem.

12. Utmelding

Utmelding skal vere skriftleg. Utmeldingsfristen er 3.mnd. rekna frå den dagen meldinga om utmelding kom fram til verksemda.

Ved død, sal av eigedom eller ved opphøyr av forpaktningssforhold kan utmelding skje med ein gong.

Ved utmelding har eit medlem krav på tilbake eventuell innbetalt andelsinnkot dersom laget sin andelskapital framleis er inntakt. Innbetalt andelskapital kan først krevjast tilbakebetalt eit år etter utmelding. Den utmelde har ikkje krav på andel i laget sin øvrige formue.

Andel kan overdragast til ny eigar ved overdraging av eigedomen.

13. Eksklusjon

Medlem som overtrer vedtektene eller bestemmelsar i samband med desse, kan bli pålagt av styret å betale erstatning for tap laget blir påført. Styret kan ekskludere vedkomande frå laget. Før styret tek si avgjer skal medlemet varslast og få høve til å uttale seg. Medlemet kan bringe avgjersla inn for årsmøtet. Medlem som vert ekskludert har ikkje krav på tilbakebetaling av andelskapital.

14. Tvistar

Tvistar mellom laget og medlemane/kundane skal bli forsøkt løyst gjennom minnelege ordningar mellom partane, og dersom dette ikkje fører fram vert tvistar avgjort av dei ordinære domstolane.

15. Teieplikt

Tillitspersonar og tilsette har teieplikt om dei forhold dei får kunnskap om i sitt arbeid med medlemane sin økonomi, driftsforhold, omsetning og liknande. Opplysningane kan berre bringast vidare i følgje lov eller etter avtale med oppdragsgjevar.

Rekneskapen kan danne grunnlag for statestikkar som vert offentleggjort utan namn.

16. Endring av vedtekter

Endring av vedtekter kan berre gjerast på årsmøtet. For gyldig vedtak krev ein 2/3 fleirtal av dei som har stemt. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld.

17. Oppløysing

Vedtak om oppløysing av laget er det berre årsmøtet som kan bestemme. Til gyldig vedtak vert det kravd 2/3 fleirtal blant laget sine stemmeberettiga medlemar.

Dersom ein ikkje oppnår tilstrekkeleg fleirtal kan avgjerda om oppløysing gjentakast i ekstraordinært årsmøte. Vedtak om oppløysing er då gyldig med 2/3 fleirtal bland dei frammøtte medlemane. Ekstraordinært årsmøte kan ikkje avhaldast tidlegare enn to veker etter ordinært årsmøte.

18. Fordeling av nettoformuen ved oppløysing av føretaket.

Dersom det vert bestemt at laget skal oppløysast skal først alle forpliktelsane til laget dekkast fullt ut. Deretter har føretaket sine medlemar rett til å få utbetalt sine innskotne andelar og sitt innestående på medlemskapitalkonto, dersom der er midlar i føretaket etter at alle forpliktelsane er dekkja. Medlemane har krav på å få utbetalt renter på innskotne andelar eller medlemskapitalkonti.

Gjenstående midlar utover dette skal gå til dei som er medlemar på oppløysingstidspunktet. Fordelinga av midlane skal skje på grunnlag av deira omsetning med føretaket dei siste fem åra. Bestemmelsane i samvirkelova kan fråvikast når det særskilt er bestemt i lova eller som fylgje av samanhengen, jf. Samvirkelova § 2.

Desse vedtektene vart vedtekne på Stryn Rekneskapslag SA sitt årsmøte 28/3 2012.

P. A. Tømteid Arne Arne Erlend Tjønn Håvard